

# Årsmøte

## i Nordmøre spelmannslag

16. mars, 2014, kl. 1630 på Halså gamle skule.

13 medlemmar var til stades da møtet vart sett.

### Sak 1 Opning og konstituering.

Leiar Magnar Almberg opna møtet med å ønskje alle vel møtt. Ingen vesentlege merknader kom fram til innkalling og sakliste.

Magnar Almberg vart valt til møteleiar, og Arnstein Brevik vart referent. Silje Osnes og Elisabet Husby vart valt til å skrive under protokollen.

### Sak 2 Årsmelding for 2013.

Møteleiar gjekk gjennom årsmeldinga, og det kom fram at følgjande moment skulle føyast til:

- konsert på Åkerfallet 16. juni
- Helge Husby slutta som musikalsk leiar etter 12 år
- samla medlemstal må takast inn i årsmeldinga
- einskildmedlemmar som har utmerka seg t.d. på Landskappleik og liknande bør nemnast

Med desse merknadene vart årsmeldinga samrøystes godkjent.

### Sak 3 Rekneskap for 2013.

Kasserar Rolf Holte gjekk gjennom rekneskapen. Rekneskapen er revidert, og revisorane foreslår at han blir godkjent som framlagt.

Årsmøtet godkjente rekneskapen med følgjande merknad:

Posten «Uttestående gjeld» på kr. 2 000 blir utbetalt Rolf Holte snarast!

### Sak 4 Innkomne saker.

Her vart den tidlegare nemnte saka om Shetlandstur teke opp att. Den nedsette komiteen gjorde etter beste evne greie for kva innsats som har vore gjort.

Årsmøtet kom fram til at komiteen kunne arbeide vidare med å få til ein tur – om ikkje til Shetland så til noko meir overkomeleg. Formålet må vera å få visst seg fram!

Hilde Bergfald går inn i komiteen i staden for Helge Husby (- ilag med Daniel Dyrnes og Arnstein Brevik.)

### Sak 5 Arbeidsprogram for 2014.

Det var ikkje utarbeidd noko framlegg til arbeidsplan denne gongen. Det vart likevel noko debatt om ymse tema:

- Felles «uniformering» ved opptredenar. Årsmøtet var noko delt, men iveren var ikkje påtakeleg.
- Deltaking på Landsfestivalen på Steinkjer 19. juli. Alle skulle undersøkje kalenderen sin, så fekk ein koma tilbake til forpliktande svar etter kvart.
- Fylkeskappleik i Molde 5. april. Laget melder seg på.
- Rekrutteringstiltak og opptredenar rundt ikring var òg oppe til diskusjon utan at ein kom til nokon klår konklusjon.

Det vart bestemt at styret måtte arbeide vidare med dei nemnte idéane og sette opp eit arbeidsprogram som blir lagt fram på eit møte i før sommaren.

### Sak 6 Kontingent for 2014.

Satsane blir ikkje endra.

### **Sak 7 Budsjett for 2014.**

Kasserar Rolf Holte la fram eit forslag og gjekk gjennom dette. Årsmøtet godkjente forslaget, men gav samtidig styret fullmakt til å justere det om det trengs.

### **Sak 8 Val**

Kolbjørn Halse la fram valnemnda si innstilling. Framlegget fekk full tilslutning av årsmøtet. Resultatet av vala vart som følger:

#### Styre:

Leiar	Magnar Almberg	(1 år som leiar, 1 år att i styret.)
Nestleiar	Daniel Dyrnes	(2 år)
Kasserar	Rolf Holte	(2 år)
Styremedlem	Helga Eikrem	(2 år)
Sekretær	Arnstein Brevik	(Ikkje på val i år, 1 år att)

#### Vara til styret:

1. Helge Husby 2. Lars Brattset (Begge for 1 år)

#### Revisorar:

Torstein Hamnes og Arve Heggdal (2 år)

#### Valnemnd:

Her ønskte ikkje sittande valnemnd å koma med framlegg, men årsmøtet gjekk utan stor diskusjon inn for attval på Kolbjørn Halse, Torgeir Bergfald og Jonny Reitan.

Møtet heva kl. 1805.

ref AB

*Silje Osnes /s/*

*Elisabet Husby /s/*